

Defenestrasjon – ein tsjekkisk politisk tradisjon?

Elisabeth Bakke
Institutt for statsvitskap, UiO
Boks 1097 Blindern
0317 Oslo

Trykt i *Nordisk Østforum*, (Vol. 18), 2/2004: 145–162.
ISSN 0801–7220

* Takk til redaktøren som ville trykke denne artikkelen som eg lenge har hatt lyst til å skrive. Takk også til Karsten Korbøl, som minna meg på historia om sekretæren Fabricius og det namnet han fekk da han vart slått til riddar etter defenestrasjonen i 1618, og til Peter Bugge for gode innspel til konklusjonen.

Defenestrasjon – ein tsjekkisk politisk tradisjon?

Elisabeth Bakke postdoc, Institutt for statsvitskap, Universitetet i Oslo

Defenestrasjon. Smak på ordet. Du finn det ikkje i ei vanleg norsk ordbok, og dei færreste veit kva det inneber. I Tsjekia, derimot, er defenestrasjon (*defenestrace*) ikkje berre eit allment kjent ord; det inngår i historiepensum allereie i barneskulen. “Alle” kjenner til dei to mest berømte tilfella – defenestrasjonen i 1419, som innleidde husittarkrigane, og defenestrasjonen i 1618, som var starten på trettiårskrigen. Allereie på 1600-talet skal defenestrasjon ha vorte oppfatta som ein tsjekkisk tradisjon (Čornejová 1998), og under fløyelsrevolusjonen i 1989 vart sitjande politikarar spøkefullt åtvare mot å opphalde seg for nær opne vindauge!

Defenestrasjon kjem av latin *de* + *fenestra* (vindauge) og vart historisk brukt om å kaste autoritetspersonar ut vindaugget. Det var altså ei politisk handling brukt av opposisjonen. I dag blir det engelske ordet *defenestration* også brukt i overført tyding – om det å kaste nokon frå offentlege verv eller andre høge posisjonar (Perry 2003), og i datasjargongen blant anna om å hive ut Microsoft Windows til fordel for andre operativsystem.¹ Men i den opphavlege, politiske meininga ser defenestrasjon hovudsakleg ut til å vera eit tsjekkisk fenomen. Eg har prøvd å finne ut om det har vore vanleg andre stader i Europa, men av ein eller annan grunn er ikkje dette eit tema forskarar har fokusert på. Den einaste boka med defenestrasjon i tittelen er ei diktsamling av Susan Howe (1983). Artiklar på nettet som handlar om empiriske tilfelle, dreier seg stort sett om defenestrasjonar i Praha. Unntak er John McGonigle (2000), som hevdar at fenomenet skal ha vore vanleg i Exeter, Sør-England under Rosekrigen (1455–85), og Josef Veselý (2003), som hevdar at defenestrasjonar skal ha skjedd i Nederland og Spania. Men eg har ikkje funne konkrete eksempel på dette.

Denne artikkelen handlar om den tsjekkiske skikken med å kaste autoritetspersonar ut vindaugget. Vi skal sjå på dei kjende tilfella og korleis desse blir behandla i faglitteraturen. Utanom defenestrasjonane i 1419 og 1618 skjedde det også ein defenestrasjon i 1483. Derimot er det tvilsamt om dødsfallet til utanriksminister Jan Masaryk i 1948 kan reknast som ein defenestrasjon. Det er ikkje berre eit spørsmål om han vart kasta ut vindaugget i Černín-palasset, om han datt eller om han hoppa sjølv, slik dei kommunistiske maktthavarane hevda i alle år, men også eit spørsmål om kvar grensa går mellom defenestrasjon og politisk mord.

¹ Det finst dessutan ein kunstinstallasjon i San Francisco (eit hus med møblar og andre ting hengande ut av vindauga) og ei heavy metal-gruppe som heiter Defenestration. Sjå f.eks. <http://www.dreamcatcher-records.co.uk/artist.php> og <http://www.defenestration.org/what.html>.

Den første defenestrasjonen (1419)

Den første gongen nokon vart kasta ut vindauget av politiske grunnar var 30. juli 1419. Bakgrunnen var ein mangeårig strid mellom tilhengjarane av læra til Jan Hus, dei såkalla husittane, og katolikkane. Jan Hus (ca. 1371–1415) blir rekna som ein forløpar til Luther, og var sjølv influert av John Wyclif. Han begynte å preike på tsjekkisk i 1402, kritiserte dei geistlege for ugjerningar og meinte dei burde leve asketisk, konsentrere seg om det åndelege og overlata det verdslege til staten. Det innebar også å gje frå seg store kyrkjeieigedommar. I 1412 gjekk han dessutan opent ut mot avlatshandelen (Bakke 1999: 89–93).

Hus vart dømt for kjetteri av kyrkjerådet i Konstanz og brent på bålet 6. juli 1415, noko som rimelegvis opprørte tilhengjarane hans i Böhmen, særleg på grunn av måten det skjedde på. Sigismund, som både var konge av Ungarn og konge av Det heilage romerske riket, og dessutan bror til den tsjekkiske kongen, hadde lova fritt leide viss Hus ville koma til Konstanz og forsvare seg mot klagene om kjetteri, men det ordet braut han.

I sentrum for protestane mot brenninga av Jan Hus stod Universitetet i Praha og den husittiske adelen. Konflikten med kyrkja tilspissa seg utover i 1417 og 1418, samtidig som husittane delte seg i to hovudfløyer – ei moderat med ein kjerne av adel, borgarar og lærde ved universitetet, og ei radikal, meir folkeleg fløy. Ei viktig symbolsak for husittane allereie frå 1414 var nattverd med både brød og vin for alle truande kristne (latin: *sub utraque specie*), og dei vart difor også kalla *utraquistar*. I den katolske kyrkja representerte kalken bandet mellom Gud og dei geistlege som Guds representantar på jorda, og nå truga erkebiskopen i Praha med å lyse folk i bann viss dei braut forbodet mot vin under nattverden. Men husittane anerkjente korkje kyrkjerådet i Konstanz eller erkebiskopen lenger.

Kong Václav IV hadde hatt sine eigne konfliktar med dei høge geistlege i Praha, og var difor i utgangspunktet positivt innstilt til Jan Hus, men Hus mista kongens tillit da han gjekk imot avlatshandelen, som kongen hadde store inntekter av. Etter at Hus var død, auka presset mot Václav både frå kyrkja og frå Sigismund si side – dei ville at han skulle ordne opp i kjetteriet i riket sitt. Men husittane hadde støttespelarar langt inn i hoffet, og Václav vegra seg.

Striden om den rette læra var samtidig ein strid om kontrollen over kyrkjebygg og retten til å praktisere trua gjennom forkynning og nattverd. Hausten 1415 vart ei rekkje kyrkjer i Praha overtatt av husittane. Eit forsøk på å tilbakeføre desse kyrkjene til katolikkane i 1416 møtte sterk motstand frå husittisk side, men i februar 1419 var kongen så hardt pressa av Sigismund og pavekyrkja at han såg seg nøydd til å gje katolikkane kyrkjene tilbake. Etter dette hadde husittane berre tre kyrkjer igjen, og det var heilt utilstrekkeleg med tanke på at det store fleirtalet av befolkninga i Praha var husittar (Kopičková 1990: 29–30, 50).

Det var nå konstant uro i Praha, med demonstrasjonar og samanstøytar i gatene, og enkelte kyrkjer vart tekne tilbake med vald. Samtidig skjedde det ei radikalisering blant husittane, som bl.a. kom til uttrykk i utandørs massemønstringar på ulike høgder – den første verkeleg store var i påska 1419 i Tábor (Sør-Böhmen). 6. juli 1419, på dagen fire år etter at Hus vart brent på bålet, fylte misnøgde husittar gatene i Praha. Kongen svarte med å fengsle nokre av dei radikale husittane, samtidig som han same dag avsette det prohusittiske byrådet i den nye bydelen Nové Město (grunnlagt 1348), og innsette eit byråd med katolsk fleirtal. Det nye byrådet kasta husittiske elevar ut av skulane, forbod forkynning utanfor kyrkjene og nekta folk å samle seg på offentlege stader, noko som bidrog til å skjerpe frontane.

Om morgonen den 30. juli hadde ei stor folkemengde møtt fram for å høyre Jan Želivský preike i kyrkja “Jomfru Maria den snøklede” i Nové Město, eit samlingspunkt for radikale husittar. Han åtvara mot falske profetar og ville ha slutt på at byrådet forfølgde sanne kristne. Želivský var ein av dei mange husittiske predikantane som hadde vorte fordrivne frå kyrkjene sine i februar, og etter preika gjekk kyrkjelyden i samla flokk til den gamle kyrkja til Želivský, der dei tok seg inn med vald og gjennomførte nattverd (Šmahel 1993: 314–316).

Under leiing av Jan Želivský marsjerte dei deretter til rådhuset i Nové Město, der dei kravde frigjeving av husittane som sat fengsla der. Da byrådet nekta, tok folkemassen seg inn i rådhuset og kasta borgarmeisteren og dei tilstadeverande medlemmane av byrådet ut vindauget. Dei eldste kjeldene fortel om 13 offer for denne første defenestrasjonen, 11 av dei namngjevne, men i seinare framstillingar er ofra vanlegvis anonyme. Dei som ikkje døydde i sjølve fallet, vart drepne etterpå med lanser og sverd. Det faktum at husittane bar våpen da dei samla seg på rådhusplassen, kan tyde på at stormen mot byrådet var planlagt (*Československá vlastivěda* 1932: 160, Kopiczková 1998: 56, Šmahel 1993: 317).

Utanom borgarmeisteren Jan Podvinský vart to daverande byrådar (garvaren Tomášek og Kliment Štastník) og to tidlegare byrådar (Čeněk Patriarcha og Jan Humpolec) kasta ut vindauget. Sorenskrivaren Mikuláš og tenestekaren hans, Sasín, gjekk same vegen, saman med tre borgarar (Jan Kába, tømrraren Řehla og Václav Babořin). Ein tredje byråd, ein handverkar ved namn Řehák, vart torturert til døde. Čornej (1998: 744, note 31) meiner at dei to siste, namnlause ofra kan ha vore tenestefolk. Dei tre prohusittiske byrådene vart truleg åtvara på førehand og bedne om å halde seg unna rådhuset den 30. juli.

Av eit byråd på 12 var det altså berre fire som sette livet til i samband med defenestrasjonen, men karrieren var over også for sju av dei åtte som overlevde (Čornej 1998: 744–45, Šmahel 1993: 315). Dei radikale husittane overtok nå styringa av bydelen. Kong Václav såg ingen annan utveg enn å godta dette, og døydde kort tid etterpå – utan mannleg arving (i følgje legenda fekk kongen apoplektisk anfall da han hørde om defenestrasjonen, og dette skal ha vore ei medverkande årsak til at han døydde). Sigismund av Ungarn var nå tronarving, men den husittiske adelen nekta å godkjenne han som konge av Böhmen. Den første defenestrasjonen var dermed startskotet for husittarkrigane, som dels var ein borgarkrig, men som også involverte kristne korsfararar frå store delar av Europa.

Kven var så denne Jan Želivský som leidde opprøret? Om fortida hans veit vi at han hadde vore munk ved klosteret i Želiv i Sør-Böhmen (difor namnet). Synspunkta hans grensa til sosial radikalisme, med vekt på asketisk livsførsel. Han stod for *kiliasme* – trua på at verdas ende er nær og at 1000-årsriket med fridom, fred og rettferd ville koma – og *messianisme*, med tsjekkarane i rolla som det utvalde folket som skulle vise veg for resten av verda.

Nå var ikkje resten av det kristne Europa einig i det, og i perioden 1420 til 1431 vart det organisert fem korstog mot husittane, blant anna på initiativ frå Sigismund. Men husittane kjempa godt, og korstoga lykkast ikkje i å tvinge dei i kne. Ei pakt mellom dei moderate husittane, Sigismund og kyrkjerådet, inngått i Basel i 1436, markerer slutten på den husittiske revolusjonen, og gav folk i Böhmen fridom til å velja mellom katolsk og utraquistisk religion. Men for husittane var dette ein avgrensa siger: i realiteten innebar det lite utover nattverd med både brød og vin. Samtidig vart Sigismund tsjekkisk konge, men døydde allereie året etter.

Den andre defenestrasjonen (1483)

Om den andre defenestrasjonen i Praha er det mykje mindre å fortelja. I mange framstillingar blir den rett og slett utegløynt. Denne defenestrasjonen skjedde 24. september 1483, og igjen var bakgrunnen for hendinga striden mellom katolikkar og husittar.

Pakta som kyrkjerådet i Basel inngjekk på vegner av den katolske kyrkja i 1436, innebar i prinsippet religiøs fred i dei tsjekkiske kronlanda, men problemet var at paven aldri godkjende denne pakta. Valet av adelsmannen Jiří av Poděbrad til tsjekkisk konge i 1458 fall ikkje i god jord. Ikkje var han av kongeslekt, det var tvil om han var fødd innanfor ekteskap og han var sjølv husitt. Jiří av Poděbrad førte ein innanrikspolitikk basert på Basel-pakta, der målet var fredeleg sameksistens mellom husittar og katolikkar, men heller ikkje han lykkast i å få Basel-pakta godkjent av paven. Tvert imot oppheva paven pakta i 1462 og lyste Jiří i bann da han nekta å gje opp den husittiske læra (Urban 1991: 77–78).

Dei tsjekkiske landa var framleis religiøst delte, og den katolske innverknaden ved hoffet auka under etterfølgjaren Vladislav II av Jagiello (1471–1516), som sjølv var katolikk. Allereie i 1477 kom det klager på at Vladislav ikkje brydde seg om å forsvare pakta, og at katolske prestar overtok i husittiske prestegjeld. Året etterpå organiserte husittane seg, først ved å velja *defensorar* som skulle forsvare dei religiøse interessene deira, og sommaren 1483 danna dei eit forsvarsforbund. Som ein reaksjon mot dette inngjekk dei moderate byråda i Praha hemmelege avtaler med den katolske adelen, og det var rykte om at byrådene planla eit prokatolsk kupp som sette i gang det husittiske opprøret 24. september 1483.

Åstad for defenestrasjonen var igjen rådhuset i Nové Město, og igjen var det prokatolske byrådar som fekk unngjelde. Forteljingane om defenestrasjonen i 1483 er mindre detaljerte, og opplysningane er litt motstridande. Mest detaljert av dei framstillingane eg har funne er *Československá vlastivěda* (1932: 284), som rapporterer at byskrivaren, fire byrådar og to borgarar vart banka opp og hivd ut vindauget på rådhuset i Nové Město. I tillegg vart ein femte byråd slått i hel på rådhusplassen. Det ser ut til at også defenestrasjonen i 1483 var avgrensa til Nové Město (Tomek 1885: 233, *Dějiny země koruny české* I 1993: 186, Čapka 1998), sjølv om Vykoupil (1994) hevdar at borgarmeisteren i Gamlebyen vart kasta ut vindauget på rådhuset der. Ingen av framstillingane har med namn.

Opprøret i 1483 omfatta alle tre bydelar i Praha, og munna ut i eit forbund til forsvar for husismen. I dagane etter defenestrasjonen vart fleire autoritetspersonar avretta; i Gamlebyen vart fire byrådar og ein borgar avretta, i Nové Město tre byrådar og ein kurer, og i Malá Strana to byrådar. Allereie 26. september tok Praha-borgarane kontroll over borgen, og dei avsette dessutan alle katolske prestar og munkar. Med den husittiske stenderforsamlinga i ryggen slutta borgarane fred med Vladislav året etter, og landdagen i Kutná Hora i 1485 stadfesta den religiøse freden og gjorde likestilling mellom katolikkar og husittar til kongeleg lov (*Československá vlastivěda* 1932: 284).

Den tredje defenestrasjonen (1618)

Den tredje og mest berømte defenestrasjonen skjedde 23. mai 1618, da to av kongens rådsherrar og ein sekretær vart kasta ut av eit høgt vindauge i borgen Hradčany. Hendinga markerer starten på dei protestantiske stendenes opprør mot kongen, og dermed på trettiårskrigen. Også denne gongen var ofra katolikkar i maktposisjonar, og igjen var den underliggjande årsaka religiøs strid. Men til forskjell frå dei to tidlegare tilfella overlevde alle tre ofra – og alle skreiv om det etterpå. Denne defenestrasjonen er difor meir veldokumentert enn dei andre. Defenestrasjonen i 1618 skil seg også ut ved at den etter alt å dømme var planlagt. Det gjeld i alle fall defenestrasjonen av dei to rådsherrane Vilém Slavata og Jaroslav Bořita av Martinic, medan sekretæren Filip Fabricius truleg framprovoserte fallet sjølv.

Den mest detaljerte framstillinga av sjølv defenestrasjonen er framleis ein artikkel av historikaren Fridolin Macháček (1884–1954) utgjeve i 1908, basert på førstehandskjelder frå 1600-talet. Ei hovudkjelde er memoarane til Vilém Slavata, den eine av dei overlevande rådsherrane, supplert med etterlatne skrifter frå dei to andre ofra. I samband med prosessen mot leiarane av det protestantiske standsopprøret, som enda med at 27 av dei vart avretta med sverd på Gamlebyplassen i Praha 21. juni 1621 (sjå Petráň 1996), vart dei tiltalte også avhøyrd om defenestrasjonen. I tillegg til avhøyr og forsvarsskrifter frå protestantisk side byggjer Macháček på brev frå jesuittar og diplomatiske utsendingar i Praha (Macháček 1908: 197–211).

Bakgrunnen for defenestrasjonen var altså igjen religiøs strid, men denne gongen med katolikkar og protestantar i hovudrollene. Etter 1519 spreidde lutheranismen seg i Böhmen særleg på kostnad av husismen, og etter 1540 var fleirtalet lutheranarar. I 1600 utgjorde katolikkane berre litt over 10 prosent av befolkninga (Bérenger 1994: 228). Under Ferdinand I og Maximilian II av Habsburg vart det ikkje gjort noko alvorleg forsøk på å omvende folk til katolisismen, sjølv om Ferdinand inviterte den jesuittiske orden til Böhmen allereie i 1556. Tvert imot godkjende Maximilian i 1575 (rett nok berre munnleg) den bøhmiske konfesjon (*Confessio bohemica*), eit kompromiss utarbeidd av det ikkje-katolske fleirtalet, som innebar ein religiøs toleranse utan sidestykke i Europa på den tida (Bakke 1999: 100).

Men etter at Rudolf II av Habsburg flytta hoffet frå Wien til Praha i 1583, vart det ei hovuddrivkraft i arbeidet for å gjera Böhmen katolsk, samtidig som det katolske mindretallet fekk over 80 prosent av dei høgaste maktposisjonane i dei tsjekkiske landa (Kučera 2003: 18). For dei protestantiske stendene vart det praktisk talt umogleg å gjera karriere i statsapparatet. I 1609 prøvde Matthias, broren til Rudolf, å overta trona med støtte frå stendene i Austerrike, Ungarn og Mähren. Dette utnytta dei protestantiske stendene i Böhmen, og pressa Rudolf til å stadfeste religiøs fridom skriftleg gjennom det såkalla Majestetsbrevet. I 1611 måtte han likevel gje seg mot militær overmakt og abdiserte. Matthias flytta deretter hoffet tilbake til Wien. Regjeringsmakta i Böhmen la han i hendene på rådsherrar – fleirtalet katolikkar – med sete på borgen Hradčany (Bakke 1999: 100–01).

Konflikten mellom dei protestantiske stendene og kongehuset, som toppa seg i defenestrasjonen i 1618, bygde seg opp over tid. Matthias fjerna rett nok dei mest ihuga katolikkane i Rudolfs teneste, men det viste seg snart at kongens velvilje ikkje stakk særleg djupt. Kongehuset heldt fram med å favorisere det katolske mindretallet, og sjølv om Majestetsbrevet i prinsippet sikra religiøs toleranse, var det ingen garanti for at protestantane fekk behalde eigedomsretten til kyrkjene dei hadde bygd viss dei låg innanfor eit prestegjeld med katolsk overhovud. Matthias straffa dessutan med fengsel og tap av posisjonar dei som gjekk imot valet av den erkekatolske Ferdinand av Steiermark som tronføljar i 1617.

I tillegg til religiøs fridom gav Majestetsbrevet dei protestantiske stendene retten til å velja 30 *defensorar* til å forsvare dei religiøse rettane deira. Defensorane hadde på si side rett til å kalle stendene saman når dei meinte at rettane deira var truga, og det var med heimel i dette at stendene vart kalla saman til møte i mars 1618. Den direkte bakgrunnen var to konkrete tilfelle (i Broumov og Hrobý) der katolske geistlege hadde stengt protestantiske kyrkjer. På møtet forfatta stendene eit protestskriv til keisaren, samtidig som dei vedtok å kalle saman til nytt møte 21. mai, der svaret skulle offentleggjerast (Petraš 1996: 142).

Nå handla sjølv sagt dette om meir enn kontrollen over to kyrkjer. Ein av dei fremste defensorane var grev Jindřich Matýáš Thurn, mannen som i mange framstillingar blir utpeikt som hjernen bak defenestrasjonen i 1618 og det påfølgjande opprøret. Han var heilt klar på at viss dei protestantiske stendene godtok at katolske geistlege tok seg til rette, ville dei tape all fridom (sitert i Petraš 1996: 142). Det var dermed i realiteten Majestetsbrevet og den religiøse fridomen som stod på spel, slik dei protestantiske stendene såg det. Matthias avviste på si side dei konkrete klagene og forbaud samtidig dei protestantiske stendene å samle seg. Han mistenkte (feilaktig) at det tillyste møtet i mai var retta mot hans person. Svaret hans på protestskrivet kom nesten uhøyrtd fort, alt 21. mars, og var svært skarpt i tonen.

Dei protestantiske stendene samla seg som planlagt 21. mai i Karolinum, den historiske bygningen til Universitetet i Praha. Rykta florerte. Blant anna vart det skumla om at det ikkje var Matthias sjølv som hadde formulert det skarpe brevet, men at det var skriva på blankofullmakt i Praha, av rådsherrane. Dei ihuga katolikkane Vilém Slavata og Jaroslav Bořita av Martinic vart utpeikte som hovudmennene. Det gjekk også rykte om auka beredskap på borgen, og det vart sagt at rådsherrane i samråd med keisaren planla å fengsle eller endatil avrette sentrale protestantiske leiarar. Ein delegasjon frå møtet konfronterte rådsherrane med desse rykta 22. mai, men dei nekta plent for at slike planar fanst.

Den 23. mai 1618 møtte heile stenderforsamlinga fram på borgen i samla flokk. I strid med vanleg skikk, men etter tillating frå den fremste rådsherren, øvste borggreve Adam av Šternberk, bar alle våpen (Macháček 1908: 308). I ein interpellasjon som vart lesen opp for og godkjent av stendene før møtet med rådsherrane, reiste dei spørsmål om det var rådsherrane som hadde utforma det skarpe brevet. Berre fire rådsherrar var til stades:² Adam av Šternberk, Vilém Slavata, Jaroslav Bořita av Martinic og Děpold Matouš av Lobkovice. I tillegg var altså sekretæren Filip Fabricius der.

Det var berre ein mindre krins av radikalarar som var informert om den planlagde defenestrasjonen. Grev Thurn blir av samtidige kjelder utpeikt som hovudmannen, men det skal vi ta med ei klype salt, sidan dette er opplysningar som kom fram i avhøyr i samband med prosessen mot dei protestantiske opprørarane i 1621. Det var lett for dei medsamansvorne å skulde på Thurn, sidan han på det tidspunktet var ute av landet og dermed utanfor fare. Sikkert er det likevel at Thurn var til stades på eit møte i eit privat hus på Malá Strana om kvelden 22. mai, der roller vart fordelte. Det var også verten Albrecht Jan Smiřický, Václav Budovec av Budovo, Oldřich Vchynský og sannsynlegvis Václav Vilém av Roupovo og Linhart Colonna av Felse (Macháček 1908: 305). I tillegg skal Vilém av Lobkovice ha vore der, saman med Martin Fruwein og nokre borgarar til (Petraš 1996: 150).

² Det var i alt 14 rådsherrar, og 12 av desse sat i det kongelige rådet, som var leia av den øvste borggreven. Både Slavata og Martinic sat i rådet, Slavata i eigenskap av øvste provinsdommar, Martinic i eigenskap av borggreve av Karlstejn. Det same gjorde faktisk Thurn, i eigenskap av øvste hoffdommar (Petraš 1996: 155).

Stendene framførte klagemåla sine. Rådsherrane innsåg raskt at dei var i ein farleg situasjon, og Adam av Šternberk prøvde på vegner av dei fire å kjøpe seg tid, bl.a. ved å hevde at dei måtte konferere med hoffsjefen før dei kunne svare på kva for rolle dei hadde spelt i utforminga av brevet frå keisaren. Men stendene var ikkje nøgde med det svaret. Thurn, Colonna av Felse og Vilém av Lobkovice skal ha vore særleg aktive i å hisse opp forsamlinga. Slavata og Martinic vart skulda for å vera hovudfiendar av protestantane og for å bryte Majestetsbrevet, og dermed bøhmisk lov. Ein ferdigskriven dom vart deretter lesen opp, der Slavata og Martinic vart erklærte som landsforrædarar. Men før sjølve defenestrasjonen vart dei to andre rådsherrane ført vekk (Petráň 1996: 165–70).

Martinic vart kasta ut først, etter å ha vorte ført bort til det opne vindaugget med makt. Fem menn deltok fysisk; av desse skal tre ha vore til stades på møtet dagen før, nemleg Vilém av Lobkovice, Oldřich Vchynský og verten Albrecht Jan Smiřický. Deretter var det Slavata sin tur. I følgje Slavatas memoarar skal Thurn ha sagt: “Edle Herren, da habt ihr den Andern” før Slavata vart gripen og kasta etter Martinic (sitert i Macháček 1908: 443).³ Begge bad fånytt om først å få bekjenne sine synder overfor ein prest. Det er sannsynleg at dei same fem mennene utførte begge defenestrasjonar. Slavata såg ikkje kven som kasta han ut, men det er tvilsamt om Thurn deltok fysisk, slik Martinic hevda (han kunne ikkje sjølv ha sett det). Medan desse to defenestrasjonane var planlagde, framprovoserte sekretæren Fabricius etter alt å dømme defenestrasjonen sjølv ved å vera litt for stor i kjeften (Petráň 1996: 189).

Nedanfor vindaugget dei tre vart kasta ut av, var det ei vollgrav. Martinic landa i utkanten av vollgrava, og kom frå fallet utan særlege skadar. Slavata var derimot dum nok til å gripe etter glaskarmen idet han vart kasta ut, men måtte sleppe da han vart slått over knokane, og mista medvitet da han slo hovudet i gesimsen under. Fabricius kom frå fallet nesten heilt uskadd og sprang straks vekk da opprørarane begynte å skyte ovanfrå, medan Martinic vart såra da han drog Slavata ut av skothald. Slavata var så hardt skadd at han ikkje kunne koma seg derfrå ved eiga hjelp, men både han og Martinic vart redda av tenarane sine, medan Fabricius flykta til Wien, der han fortalde keisaren om det som hadde skjedd. Fabricius vart slått til riddar for innsatsen og fekk bera namnet von Hohenfall (*Ottův slovník naučný* 1894: 990). Slavata var rekonvalesent eit heilt år, og brukte tida til å skrive memoarane sine.

Det er usikkert nøyaktig kor langt det var ned, men dei samtidige kjeldene som nemner høgda på fallet, opererer med mellom 27 og 28 *loket*, dvs. i overkant av 16 meter (Macháček 1908: 445–46, Petráň 1996: 175). I alle tilfelle var det høgt nok til at folk i samtida undra seg over at dei tre overlevde. Dei to partane i striden hadde kvar si forklaring på det. Katolikkane såg på det som eit mirakel; i følgje legenda var det jomfru Maria som hadde gripe inn og dempa fallet for dei tre. Protestantane hadde ei meir prosaisk forklaring: på grunn av alt papiret og anna søppel som hadde vorte kasta ut vindauga på kontora i første og andre etasje, var det mjukt der rådsherrane og Fabricius landa (Macháček 1908: 443–47).

³ Thurn var tysktalande. Ein pikant detalj er at Thurn hadde eit horn i sida til både Slavata og Martinic. Da Matthias utnemnde Thurn til borggreve av Karlstejn rett etter maktovertakinga i 1611, nekta Vilém Slavata å vike plassen. Og da Thurn mista denne lukrative posisjonen i 1617, etter å ha gått imot valet av Ferdinand av Steiermark som tronfølgjar, var det Jaroslav Bořita av Martinic som var etterfølgjaren (Petráň 1996: 137–41). Det er likevel ikkje haldepunkt for at defenestrasjonen hadde noko med denne fiendskapen å gjera.

Petráň (1996: 182–86) har ei enda meir prosaisk forklaring. Han har lagt problemet fram for rettsmedisinsk ekspertise ved Karlsuniversitetet i Praha, representert ved professor Jaromír Tesař, som svarer at sjølv om bakken var mjuk, vil eit fall på 15–16 meter normalt føre til skadar. Forklaringa er truleg at bakken ikkje var slett der Slavata, Martinic og Fabricius landa, men hella ganske mykje. Kleda på den tida var dessutan ganske solide. Til saman dempa dette fallet og gjorde det mogleg å overleva, meiner altså professor Tesař.

Det er først med denne tredje defenestrasjonen at det å kaste autoritetspersonar ut av vindauget festar seg som tsjekkisk politisk tradisjon. Dei to første defenestrasjonane var neppe planlagde – eller i det minste gir ikkje kjeldene oss grunnlag for å hevde at dei var det. Den tredje defenestrasjonen var derimot neppe ei spontan handling, slik Thurn hevda i 1636. Kvifor valde så deltakarane på møtet hos Smiřický defenestrasjon som straff for Slavata og Martinic?

Ein grunn gir gjerningsmennene sjølve i den første apologien og i andre skriftstykke: gammal skikk, *mos bohemicus* og liknande; dette blir så sitert i mange samtidige skriftstykke. Det er verkeleg fleire slike tilfelle av raskt utførte dommar i tsjekkisk historie, sjølv om det aldri hadde gått ut over personar i så høge posisjonar; dei mest kjende er hendingane i Praha 30. juli 1419 og 24. september 1483. Og ettertida visste om det. På landdagen i mai 1608 [1609] la stendene til følgjande trussel, etter å ha skrive under på 25 artikkelar som skulle leggjast fram for keisaren: “Den som for framtida ikkje vil stå på eller ønskjer å oppheve denne gjensidige avtalen, skal bli kasta ut av vindauget.” (...) Denne handlemåten mot hata personar var på moten også enkelte stader i utlandet, for eksempel i Nederland og Spania. Ein medverkande grunn til avgjerda om å kaste dei ut vindauget var truleg også ei slags moralkjensle; det var ikkje heilt passande å spille blod på ein så opphøgd stad (Macháček 1908: 305).

Macháček gir også andre eksempel på truslar om å bli kasta ut vindauget i tida før defenestrasjonen i 1618. Som Petráň (1996: 172) uttrykkjer det: Det låg nærmast i lufta. Det er likevel ei viss usemje om kva for rolle den siterte avtalen mellom dei katolske og dei protestantiske stendene spelte. Macháček nøyer seg som vi har sett med å sitere trusselen om defenestrasjon, og formålet er å underbyggje at defenestrasjon vart oppfatta som ein bøhmisk skikk på det tidspunktet. Kučera (2003: 63) hevdar at dei “sjølvopnemnde bødlane” vifta med dette dokumentet for å legitimere handlinga si i etterkant, medan Petráň går enda lenger, og meiner at trusselen om defenestrasjon i avtalen mellom dei katolske og dei protestantiske stendene var ein tungtvegande rettsleg grunn til å velja defenestrasjon. Han festar difor ikkje lit til påstanden i Slavatas memoarar om at det var usemje om avrettingsmetoden på møtet hos Smiřický, og at Thurn og Vchynský tok til orde for å avrette rådsherrane med sverd (dette hadde Slavata frå ein av dei som var til stades på møtet) (Petráň 1996: 150–51).

Ein viktig grunn til at denne tredje defenestrasjonen er “ei av dei mest kjente hendingane i tsjekkisk historie” (Kučera 2003: 63), er følgjene den fekk. Etter å ha kasta kongens rådsherrar ut av vindauget, var det ingen veg tilbake. Allereie 24. mai, dagen etter defenestrasjonen, valde dei protestantiske stendene i Böhmen ei provisorisk regjering på 30 under leiing av Václav Vilém av Roupovo. Samtidig vart det erklært militær beredskap, med grev Thurn som øvstkommanderande for styrkane (Kann 1993: 58).

Defenestrasjonen markerer dermed starten på opprøret mot keisaren, som førte fram til slaget på Bíla hora (Det kvite fjell) rett utanfor Praha 8. november 1620, der dei protestantiske stendene tapte. Sjølve slaget varte berre eit par timar, og tapstala var ikkje særleg høge (under 1600 mann, dei fleste rett nok på protestantisk side), men slaget på Det kvite fjell har likevel i tsjekkisk nasjonal historieskriving fått status som “en grenseløs ulykke” (jf. Korbøl 1998), fordi Bíla hora vart tolka som starten på *temno* (mørketida), ei nasjonal nedgangstid da dei tsjekkiske landa tapte sjølvstendet, kulturen var i fritt fall og adelen vart tysktalande.

Tilfellet Masaryk (1948)

Om morgonen 10. mars 1948 vart utanriksminister Jan Masaryk funnen død nedanfor eit ope baderomsvindaug utafør bustaden sin i Černín-palasset på borgen Hradčany i Praha, berrføtt og kledd i pyjamas.⁴ Dette blir av enkelte framstilt som den fjerde og siste defenestrasjonen i tsjekkisk historie. Jan Masaryk var sonen til Tomáš G. Masaryk, Tsjekkoslovakias første president. Ved sidan av president Edvard Beneš var han den einaste ikkje-kommunisten i statsleiinga etter den kommunistiske maktovertakinga 22. februar 1948.

Kriminalpolitiet var raskt på pletten, men innanriksministeren bestemte at tryggingpolitiet skulle overta etterforskinga. Allereie klokka 12 same dag kom den offisielle erklæringa om at dødsfallet skuldast sjølv mord (Havel 1998: 16, 20–22). Det vart aldri gjennomført noko skikkeleg etterforsking i 1948, og folkemeininga ville ha det til at Masaryk vart myrda. Etterforskinga som vart sett i gang i samband med Praha-våren i 1968 var mykje grundigare, og tre moglege forklaringsar vart skisserte: mord, sjølv mord og ulykke. Etter den sovjetiske invasjonen vart saka lagt til side, med den grunngevinga at det ikkje var grunnlag for mistanke om straffbare handlingar. I 1993 sendte riksadvokaten så saka til Komiteen for etterforsking av tryggingpolitiet, men nå var dei fleste av vitna døde, og komiteen baserte seg difor hovudsakleg på materiale frå dei to tidlegare etterforskingane.

Omstenda rundt dødsfallet har vore gjenstand for mange speulasjonar. Den amerikanske journalisten Claire Sterling intervjuar i 1968 ein heil del vitne, og skreiv etterpå bok om saka under tittelen *Tilfellet Masaryk*. Sterling var sjølv overbevist om at Masaryk vart myrda; først kvelt i badekaret med ei pute (som låg igjen der) og så kasta ut av vindauget i bevisstlaus tilstand. Gjerningsmennene var kjende med defenestrasjon, og føretrekte kanskje også det ut ifrå at det var ein nasjonal tradisjon, meinte ho (Sterlingová 1991: 300–07).

Så seint som i 1998 kom det ut to nye bøker om tilfellet Masaryk. Journalisten Zdeněk F. Šedivý gav ut ei bok under den talande tittelen *Jan Masaryk. På grunn av namnet han bar, måtte han døy...*, der han konkluderte med at Masaryk vart likvidert av det sovjetiske hemmelege politiet NKVD. Kriminologen Jan Havel, som var medlem av Komiteen for etterforsking av tryggingpolitiet, gav ut ei bok der han gjennomgjekk alle dei relevante dokumenta og opplysningane i saka, men let lesaren trekkje sine egne konklusjonar.

⁴ Diviš Černín av Chudenice (1565–1621), som palasset har namn etter, var ironisk nok den einaste katolikken som vart avretta i samband med prosessen mot leiarane av standsopprøret, og denne tvilsame æra fekk han fordi han var den som hadde opna porten for stendene da dei kom til borgen for å defenestrere Slavata og Martinic (Bartoš *et al.* 1995: 50).

Vi kan ikkje på grunnlag av dei tilgjengelege opplysningane seia sikkert kva som skjedde natta mellom 9. og 10. mars 1948, men dødsfallet kan ha skjedd slik: 9. mars var Masaryk tilbake i bustaden sin i Černín-palasset rundt klokka to om ettermiddagen, etter å ha vore i samtalar med president Beneš. Både tekniske funn og vitneavhøyr tyder på at Masaryk fekk fleire ubedne gjestar den natta. Masaryk kan ha sagt til Beneš at han ville trekkje seg ut av regjeringa, eller han kan ha planlagt å flykte til England morgonen etter, slik den personlege legen hans hevda. Viss dette vart overhøyr, kan begge delar ha vore motiv for å ta livet av Masaryk og få det til å sjå ut som sjølv mord. Men det er minst like sannsynleg at formålet med det nattlege besøket hos Masaryk var å plante kompromitterande materiale.

I løpet av det nattlege besøket har Masaryk vorte skremt til å klatre ut vindaugget på badet. Mest sannsynleg har han prøvd å koma seg unna forfølgjarane sine ved å balansere på gesimsen. Idet han nådde området mellom baderomsvindaugget og nabovindaugget, hadde han berre veggen å stø seg mot. Her har han mista balansen og skrapa seg opp på magen idet han sklei ned frå gesimsen. Truleg har han fått tak i kanten idet han fall, slik at han landa på hælane i staden for på ryggen. Obduksjonsrapporten konkluderte med at Masaryk døde momentant av indre blødingar. Begge hælane var knuste og ryggraden knekt. Han hadde murstøv på hendene og var oppskrapa på magen, men bar ingen teikn på ytre vald.

Fleire av vitna som såg liket av Masaryk liggjande på gardsplassen, merka seg at det var svært lite blod rundt liket. Dette førte til spekulasjonar om at han allereie var død da han vart kasta ut vindaugget. Men både obduksjonsrapporten og andre tekniske funn taler mot dette. Viss han hadde vore død da han vart kasta ut, ville han neppe ha landa på hælane. Liket vart dessutan ikkje funne rett under baderomsvindaugget, men eit par meter skrått til venstre for det. Dette gjer både sjølv mord og defenestrasjon lite sannsynleg. Viss Masaryk planla å ta livet av seg, kvifor skulle han klatre ut av vindaugget og flytte seg sidelengs, for så å hoppe bakover? Og sjølv om gjerningsmennene skulle ønskje det, ville det vera praktisk talt umogleg å kaste ein person på 100 kilo to meter skrått til side for eit relativt smalt vindaug.

Ut ifrå vitneavhøyr kan vi i følgje Havel (1998: 165) plassere fem personar på staden natta mellom 9. og 10. mars, alle medlemar av ei gruppe tidlegare partisanar. Aksjonen var truleg leia av Augustin Schramm, som stod i nær kontakt med Rudolf Slanský (daverande generalsekretær i kommunistpartiet). Schramm vart myrda allereie i mai 1948, og i retten hevda mordaren hans at motivet var at Schramm stod bak likvidasjonen av Masaryk. Av dei som skal ha vore direkte innblanda, er alle unntatt to døde, og dei nektar å uttale seg.

På sporet av ein tsjekkisk politisk tradisjon?

Som vi har sett, er det lite som taler for at Masaryk vart kasta ut av vindaugget. Men om så var, er det likevel tvilsamt om handlinga kvalifiserer som ein defenestrasjon, samanlikna med dei tre kjende defenestrasjonane i 1419, 1483 og 1620. For det første var desse defenestrasjonane *offentlege handlingar*. Det var store folkemassar som såg på. Sjølv i 1620 var det over 100 vitne til at Slavata, Martinic og Fabricius vart kasta ut vindaugget, og i dei to føregåande tilfella heilt sikkert mange fleire. For det andre var defenestrasjonane ikkje berre politiske handlingar retta mot folk i autoritetsposisjonar, men dei var motivert og *legitimert* ut ifrå *misbruk av makt*. For det tredje var det den politiske *opposisjonen* som utførte defenestrasjonane: i dei to første tilfella byborgarar i Praha, i det siste tilfellet medlemar av dei protestantiske stendene, med adelen i ei hovudrolle. Lite av dette stemmer på tilfellet Masaryk. Han var rett nok ein autoritetsperson, men der stoppar også likskapen. Viss Masaryk

vart kasta ut av vindauget, skjedde det “i nattens mulm og mørke”, utan tilskodarar, og gjerningsmennene handla høgst sannsynleg på vegne av det kommunistiske regimet. Det var i så fall ingen defenestrasjon, men eit politisk mord.

Er det så rimeleg å oppfatte defenestrasjon som ein tsjekkisk politisk tradisjon? Tre tilfelle er kanskje ikkje så mange, men det er eit faktum at tsjekkarane sjølve oppfattar det som ein tradisjon, og det er heller ikkje tvil om at dei som utførte den tredje defenestrasjonen i 1618, bevisst vidareførte ein praksis.⁵ Det er nettopp eksistensen av ein tradisjon som gjer tilfellet Masaryk til noko spesielt, og som gir rom for mytemakeriet rundt hendinga. Det gjeld også andre fall ut av vindauget, ufrivillige eller ikkje. Når diktarar som Konstantin Biebl (i 1951) eller Bohumil Hrabal (i 1997) ramlar ut vindauge, innbyr det i ein tsjekkisk samanheng på ein heilt annan måte enn andre stader til symbolsk kontekstualisering og tolking, uavhengig av om dei to var motivert av defenestrasjonstradisjonen eller ikkje.

Det er også interessant å merke seg at sjølv om defenestrasjonar kan ha skjedd andre stader i Europa, er det berre tsjekkarane som gjer noko stort poeng ut av det. Noko av bakgrunnen for det kan vera at i tsjekkisk nasjonal historieskriving markerer defenestrasjonane i 1419 og 1618 starten på to av dei mest avgjerande krigane i tsjekkisk historie – husittarkrigane og trettiårskrigen. Defenestrasjonar blir dermed ein del av ein nasjonal opprørstradisjon. (Det er neppe tilfeldig at det var dei tsjekkiske deltakarane i Nettverket for direkte demokrati i Europa som på Praha-konferansen i 2001 foreslo (på spøk?) “symbolsk defenestrasjon av politikarar” for å skape blest om saka (Kraliková 2001)). Dermed er vi kanskje også på sporet av ei forklaring på noko som har fascinert meg sidan eg først høyrde om defenestrasjonar i samband med tsjekkisk historie: Det faktum at nesten ingen tar avstand frå det. Tvert imot blir tsjekkarane nærmast opplærte til å vera stolte av at forfedrane hadde for vane å kaste autoritetspersonar ut vindauget! Eg trur at defenestrasjonar blir oppfatta som legitime nettopp fordi dei historisk sett har vorte brukt av opposisjonen i rettferdig harme over maktmisbruk. Dette kan igjen sjåast i lys av det tsjekkiske sjølvbildet som ein liten, fredeleg, antiautoritær nasjon som ikkje trugar nokon, men nøyer seg med å forsvare rettane sine mot overmakta (Hroch 1996: 184).

⁵ Ei anna sak er at det kanskje er meir rimeleg å sjå på defenestrasjonar som ein bøhmisk tradisjon, sidan fleire av deltakarane var tyskspråklege – blant anna grev Thurn.

Litteratur

- Bakke, Elisabeth (1999) *Doomed to failure? The Czechoslovak nation project and the Slovak autonomist reaction 1918–1938*. Oslo: Series of dissertations submitted to the Department of Political Science, Faculty of Social Sciences, University of Oslo, No. 11/99.
- Bartoš, Josef, Stanislava Kovářová & Miloš Trapl (1995) *Osobnosti českých dějin*. Olomouc: ALDA.
- Bérenger, Jean (1994) *A History of the Habsburg Empire 1273–1700*. London: Longman.
- Čapka, František (1998) *Dějiny zemí koruny české v datech*. Praha: Libri.
- Československá vlastivěda. Díl IV Dějiny* (1932) Praha: Sfinx.
- Čornej, Petr (1998) Nové Město pražské na počátku a v závěru husitské revoluce. *Český časopis historický* 96 (4): 736–53.
- Čornejová, Ivana (1998) Pražská defenestrace. *Reflex* 28. mai: 76–78.
- Defenestration*. Wikipedia, The Free Encyclopedia. 7. august 2003. (<http://www.wikipedia.org/wiki/Defenestration>). [3. september 2003].
- Dějiny zemí koruny české I.*(1993) Praha: Paseka.
- Havel, Jan (1998) *Smrt Jana Masaryka očima kriminalisty*. Vizovice: LÍPA.
- Howe, Susan (1983) *Defenestration of Prague*. New York: Kulchur Foundation.
- Hroch, Miroslav (1996) *V národním zájmu*. Praha: Filozofická fakulta Univerzity Karlovy.
- Kann, Robert A. (1993) *Geschichte des Habsburgerreiches 1526 bis 1918*. Wien: Böhlau.
- Kopičková, Božena (1990) *Jan Želivský*. Praha: Melantrich.
- Korbøl, Karsten (1998) “*En grenseløs ulykke*”. *Tsjekkiske historikeres syn på nasjonen og dens historiske fall*. Oslo: Hovedoppgave, Historisk institutt.
- Kraliková, Katarina (2001) *Working Group 4 – Exchange of Experiences*. 2nd NDDIE Conference, Praha 16.–18. november 2001 (<http://home.t-online.de/home/nddie/z2-478f7.htm>). [17. mars 2004].
- Kučera, Jan P. (2003) *8.11.1620. Bila hora. O potracení starobylé slávy české*. Praha: Havran.
- Macháček, Fridolin (1908) Defenestrace pražská r. 1618. *Český Časopis Historický* vol. XIV: 197–211, 297–311, 436–451.
- McGonigle, John (2000) *Defenestration* (<http://www.netedge.co.uk/defenestration.html>) [3. september 2003].
- Ottův slovník naučný*. Osmý díl. Praha: J. Otto, 1894.
- Perry, Lois (2003) *Here's an interesting piece of history* (<http://www.wolfstar.ca/ml-archives/sca.ruantallan/frm04112.html>) [2. september 2003].
- Petráň, Josef (1996) *Staroměstská exekuce*. Praha: Brána.
- Sterlingová, Claire (1991) *Případ Masaryk*. Praha: LepreZ.
- Šedivý, Zdeněk F. (1998) *Jan Masaryk. Při jméně, které nosil musel zemřít...* Vimperk: Papyrus.
- Šmahel, František (1993) *Husitská revoluce II. Kořeny české reformace*. Praha: Historický ústav.
- Tomek, Václav Vladivoj (1885) *Děje království českého*. Praha: J. Otto.
- Urban, Otto (1991) *České a slovenské dějiny do roku 1918*. Praha: Nakladatelství svoboda.
- Veselý, Josef (2003) *Praha, defenestrace* (<http://www.radioservis-as.cz/archiv03/1503/15tipy7.htm>) [3. september 2003].
- Vykoupil, Libor (1994) *Slovník českých dějin*. Brno: Georgetown.